Vamp samla mellom 900-1.000 menneske i uteamfiet i Ivar Aasen-tunet. Det er rekord.

Vamp sette publikumsrekord

Aldri før har det vore samla så mange menneske i uteamfiet i Aasen-tunet, som då Vamp heldt konsert laurdag.

900-1.000 menneske samla seg i og rundt uteamfiet for å få med seg Haugesundsbandet. Og dei innfridde, både på scena og musikalsk. Slagerane stod i kø, og folk song med til dei kjende «Tir n'a noir», «Månemannen» og «Liten fuggel». Sistnemnde var eit kjærkome ekstranummer.

Stor fan

Venninnene Yvonne Rønning, Bodil Longva og Nina Bjerkås er fulle av lovord etter konserten.

– Ein bra og fengjande konsert, seier dei.

– Vi varma opp med Vamp før vi kom også, røper dei.

Nina Bjerkås er stor fan, og høyrer mykje på dei elles også. Blant favorittane er Tir n'a noir og Liten fuggel, og ho er glad for å få ha høyrt begge live i Aasen-tunet.

– Dei er gode på å skape liv, og vi vart heilt rivne med, fortel Bodil Longva. Ho tok turen frå Ålesund for å besøke venninnene og få med seg Vamp-konserten.

Den berømte knotten som ofte plagar publikum i uteamfiet merka dei lite til.

– Heldigvis. Men vi er erfarne konsertgjengarar så vi er godt smurt inn med myggolje. Dette var veldig, veldig bra, seier dei nøgde.

Janne-Marit M. Falch

Venninnene Yvonne Rønning, Bodil Longva og Nina Bjerkås kosa seg på konsert og song med.

Gode scenekunstnarar. I bandet spelar Torbjørn Økland, Øyvind Staveland, Calle Apeland, Paul Hansen, Odin Staveland og Tore Jamne.